

Volda, 21.08.2020

Høyringsuttale frå hovudtillitsvalde i Volda kommune – Utvikling av rehabiliteringstenester i Møre og Romsdal

Høyringsinstansane er oppfordra til å kome med uttale til prosjektrapporten sine tilrådingar og styringsgruppa si førebelse innstilling.

Hovudtillitsvalde i Volda kommune meiner det er viktig å sikre eit innovativt og framtidssretta rehabiliteringstilbod, for å gi gode og like rehabiliteringstilbod til brukarar uavhengig av kvar dei bur i fylket, og for å sikre sterke fagmiljø og attraktive kompetansearbeidsplassar. Vi har merka oss Orkidè Nordmøre sin representant i regionrådet som valde å ta dissens frå vedtaket på bakgrunn av at det ikkje føreligg tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for på noverande tidspunkt å ta stilling til kva alternativ som er best. Isolert sett kan det vere fagleg gode grunnar for å gå for alternativ 2 og tilrå interkommunalt samarbeid om døgnbasert rehabilitering, men dette må settast inn i ei heilheitleg oversikt over all innsats på rehabiliteringsfeltet før ein kan konkludere. Dette er òg påpeika i arbeidsgruppa sin rapport. Eit relevant spørsmål å stille i denne samanheng er m.a. kva auke i ressursar som må til for å etablere interkommunale einingar?

Hovudtillitsvalde i Volda meiner at dersom ein går for arbeidsgruppa si tilråding om å samle seg om alternativ 2, er det viktig at det ikkje er usikkerheit knytt til kva som vil vere konsekvensane med detta alternativet. Det må m.a. sikkast at interkommunale rehabiliteringssentre er levedyktige og har tilstrekkeleg pasientgrunnlag. Dette er viktig for å oppretthalde høg tverrfagleg og spesialisert kompetanse på sentra. Vi tenker derfor at det ikkje bør leggast til rette for at enkelte kommunar kan opprette sine eigne rehabiliteringssenter i staden for å ta del i interkommunale samarbeid. Vi saknar også eit større brukarfokus når det gjeld konsekvensar av dei ulike alternativa. Kva konsekvensar vil dei ulike alternativa få for ulike typar av brukarar av rehabiliteringstenester? Vidare at det er viktig å sikre godt tverrfagleg samarbeid og samanhengande rehabiliteringsforløp mellom spesialisthelsetenesta og kommunale- og interkommunale tenester, med avklara ansvars- og oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa.

I tillegg til interkommunalt samarbeid om døgnrehabilitering er det er også heilt avgjerande å ha eit godt rehabiliteringstilbod med god kompetanse i den enkelte kommune. Dei fleste brukarane er ikkje ferdig rehabiliterert når dei kjem frå eit rehabiliteringssenter og tilbake til heimkommunen, anten til institusjon, omsorgsbustad eller eigen heim. Då må der vere kommunale tenester med tverrfagleg tilnærming og god rehabiliteringskompetanse. Desse tenestene skal bistå pasienten i den langvarige rehabiliteringsprosessen som fortsetter etter at ein har vore på eit rehabiliteringssenter. Det må leggast til rette for gode samarbeidsrutinar for kunnskapsoverføring mellom rehabiliteringssentra og kommunane, til dømes gjennom hospitering, vegleiing og samarbeidsmøter.

Vi vil til slutt understreke viktigheita av å samarbeide på tvers om å nytte og vidareutvikle samdrift kring allereie etablert kompetanse. Det er særskilt viktig å behalde og rekruttere kompetansen ved Mork og Aure rehabiliteringssenter. Vi må ta vare på fagmiljøa og oppgradere lokalitetane slik at rekruttering vert lettare. Sterke og kompetente fagmiljø er svært viktig for at personar med behov for rehabilitering skal nå sine mål og komme tilbake til kvardagen med best mulig funksjon og moglegheiter til deltaking i samfunnet.

Med vennleg helsing hovudtillitsvalde i Volda kommune

Fagforbundet Volda

Ingunn Svendsen

Sykepleierforbundet Volda

Lena Sætre

FO Volda

Hermod Halse

Delta Volda

Bodil Egset

Utdanningsforbundet Volda

Cathrin Fremmerlid

Akademikerforbundet Volda

Nina Kvalen

NITO Volda kommune

Knut Øystein Ekroll

Ergoterapeutene Volda

Karianne Orvik